


## Tidskoder


Det kan til tider vera ynskjeleg å orientera seg i høve til tidskoder på sekvenser og kjelder og inn/utpunkt og lengder på ulike ting.

Øvst i Composer og Source-monitor kjem det i utgangspunktet opp tidskoder som syner kvar i klippet eller i sekvensen blålinja er nett no.


I Composer ser dette slik ut:



I Source ser det slik ut:




I tillegg kan du få opp eit eige tidskodevindauga, "Timecode window". Det finn du under menyen Tools og det ser slik ut:




Med å trykka med muspeikaren på feltet kor tidskoden står vil den endra seg til ein trekant og du kan trykka for å få fram ein meny kor du kan velja andre tal du skulle ysnkja å sjå.

*For Composer ser menyen slik ut:*




Her kan ein velja å syna blålinje-TC ("**Master**"), lengda på sekvensen ("**Duration**"), lengda mellom inn og utpunkt ("**In/Out**"), kor langt inn i sekvensen ein står med blålinja ("**Abslute**") og kor langt det er att til slutten av sekvensen ("**Remain**"), i tillegg finn ein informasjon om namn på klipp og tilhøyrande kjelde-TC i klippet. Nokre av desse data kan det vera greit å bruka til å orientera seg i høve til kvar ein fann nett det biletet ein står på no, andre til å halda orden på lengda. Det er sjølvsagt opp til deg sjølv å velja kva for eit tal ein vil ha framme fast, og berre bruka menyen til å få informasjon der og då.

*Mykje av det same gjeld i høve til Source-menyen, som ser slik ut:*



*I menyen for Timecode Window finn du i tillegg eit val for å leggja til ei til linje:*



...eller som synt over, ta den vekk att. Dei to vala ligg på same staden i menyen. Kva informasjon som skal liggja på dei to linjene vèl du då sjølvst ut frå meyen, men noko av innhaldet vil endra seg alt etter om det er Source eller Composer som er aktiv.

**Her er det berre å trykka i veg og prøva deg fram med ulike varianter til du har funne noko som høver til situasjonen eller smaken...**